

Harmonisert risikoindikator (2023)

Dei harmoniserte risikoindikatorane for plantevernmiddel (HRI) har sidan 2019 vorte brukt av Europakommisjonen for å overvake korleis risikoutviklinga for plantevernmidler ser ut på EU-nivå. Norge tok inn den aktuelle risikoindikator-forordninga på eit seinare tidspunkt, og fyrste gong det var rekna på tal for Norge var difor i 2023. Norge har i mange år hatt eigne indikatorar for utvikling av helse- og miljørisiko. Dei norske indikatorane er meir detaljerte på plantevernmidla sine eigenskapar og gir eit betre bilete av utviklinga i helse- og miljørisiko, og det er difor bestemt at dei nasjonale indikatorane er dei primære indikatorane i Noreg. Dei norske indikatorane viser og utviklinga over lengre tid. Dei norske indikatorane vert publisert kvart år i årsrapporten til Mattilsynet.

Dei harmoniserte risikoindikatorane vert rekna ut for kvart EU-land samt for heile EU. Utrekningane vert utført etter same harmoniserte metodikk i alle medlemslanda.

Harmonisert risikoindikator 1 (HRI1) vert rekna ut ved å kombinera omsetningstal for aktive stoff i plantevernmiddel med risikovekting i fire grupper: låg-risiko aktive stoff, vanleg godkjenning, kandidatar for substitusjon (skal helst nytta andre aktive stoff) eller om dei ikkje er godkjende. I tillegg vert stoffa plassert i sju kategoriar med ulike poeng. Poenga blir så multiplisert med tal basert på omsetningsstatistikken for plantevernmiddel, og summerte.

Tilleggsindikatoren HRI2 baserer seg på den same inndelinga av plantevernmiddel, men på basis av tal gitte nødstillatingar.

For harmonisert risikoindikator 1 har risikoen generelt minka i Norge sidan indeksåra 2011–2013 fram til 2022. Ein ser at nokre år er påverka av lågare omsetning enn normalt på grunna av vêrtilhøve.

Harmonisert risikoindikator 2 (HRI 2) vert rekna ut frå talet på tillatingar på grunn av [nødsituasjonar for plantehelsen](#) med risikovekting på same måte som for HRI 1. Sidan Norge fyrst tok inn EU-regelverket på plantevernmiddelområdet i midten av 2015, og difor ikkje handsama slike dispensasjonar før, har Norge ei anna basislinje enn EU-landa. I Norge samanliknar ein med åra 2016-2018 i staden for 2011-2013. For harmonisert risikoindikator 2 har det vært en stor auke, og så ein liten nedgang i 2022. I Norge var det ingen nødstillatingar dei to fyste åra i basislinja og få i år tre, og dette gir stor utslag i utrekninga. Ordninga var lite kjent i næringa dei fyrste åra, og det var og før enkelte viktige preparat for næringa mista godkjenninga. Etter kvart har ordninga vorte meir kjent, og det har kome fleire søknader. Norge har færre godkjente plantevernmiddel enn dei fleste EU-land, og det kan påverka behovet for nødstillatingar.


Meir om utrekning:

Indikatorane vert presenterte som ein indeks, dvs. rekna om i forhold til gjennomsnittet for basisåra som vert gitt verdien indeks 100. For detaljert skildring av utrekning sjå forskrift om plantevernmiddel § 28 a ([lovdata](#)).

Kategoriseringa av aktive stoff vert oppdatert årleg for å ta omsyn til nye godkjenningar eller andre endringar, til dømes endringar i klassifiseringa. Om eit aktivt stoff etter vedtak har vorte plassert i ein ny kategori, skal det plasserast i si nye gruppe/kategori for alle dei undersøkte åra. Det betyr at tidsseriane for HRI 1 og HRI 2 må reknast om kvart år.

HRI 1: Utviklinga av den samla vekta indeksen, med ei basislinje på 100, gjennomsnitt i 2011–2013

	2011-2013	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
NO HRI1, 2011-2022	100	104	102	94	110	83	91	85	76	74	72	85	80



HRI2: Utvikling av den samla vekta indeksen, med ei basislinje på 100, gjennomsnitt i 2016–2018

	2016-2018	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
NO HRI2, 2016-2022	100	0	0	300	0	150	1 050	900

